



Jobbnorge-ID: 106213

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førsteamanuensis/universitetslektor (koordinator, 20% bistilling) i medisin (ikkje bunden spesialitet) med arbeidsstad Førde sentralsjukehus

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet, Klinisk institutt 1/Klinisk institutt 2, er det ledig ei mellombels bistilling (20 %) som førsteamanuensis i medisin (til dømes innan kirurgi eller indremedisin) i 4 år med høve til forlenging. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med førsteamanuensis-kompetanse, kan ein tilsetje universitetslektor. Stillinga er knytt til hovudstilling ved Førde sentralsjukehus, med arbeidsstad ved dette sjukehuset.

Stillinga vil bli lagt til Klinisk institutt 1 eller Klinisk institutt 2 etter kva spesialitet den som vert tilsett har.

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som vert lagt vekt på ved tilsetjinga, kan ein finna lenger nede på denne sida.

Utfyllande opplysingar om stillinga kan ein få ved å venda seg til instituttleiar Nils Erik Gilhus (55 97 50 74, e-post: Nils.Gilhus@k1.uib.no)

Løn

Førsteamanuensis vert lønt etter lønssteg 59-62 (kode 8028/lønsramme 24.3-24.6) i lønsregulativet til Staten. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. Universitetslektor vert lønt etter lønssteg 49-62 (kode 1009/lønsramme 25.3) etter tenesteansiennitet.

Kvalifikasjonar

Den som søker stillinga må ha medisinsk embetseksamen, samt vere spesialist i ein av dei medisinske spesialitetane der Førde Sentralsjukehus gir studentundervisning. For stillinga som førsteamanuensis er det naudsynt med doktorgrad, samt kompetanse i samsvar med krav for vitenskaplege stillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet. For stillinga som universitetslektor vert det krav om brei og relevant klinisk erfaring, samt engasjement og interesse for undervisning.

Den som vert tilsett pliktar å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid og til utan ekstra godtgjerse å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Det vil vidare verte lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Undervisningsspråket er norsk. God munnleg og skriftleg norsk er eit krav.

Retningslinjer

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvoltering i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgd.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar utvida offentleg dokumentinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysingar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad

Slik søker du stillinga:

Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenka «Søk stillinga» på denne sida.

Legg ved:

- CV
- vitnemål
- attestar
- liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar

For vurdering som førsteamanuensis og universitetslektor som driv med forskning, må søkjar i tillegg legge ved:

- fullstendig publikasjonsliste
- ei liste over vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
- **vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 10 for førsteamanuensis)**

Det er særst viktig at kvart av dei vitenskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksame på at søknader vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen.

Ein viser elles til "Midlertidige regler om framgangsmåten ved tilsetting i vitenskaplege mellomstillingar»

Stillingsomtale

Førsteamanuensis/universitetslektor (koordinator, 20 % bistilling) i medisin med arbeidsstad ved Førde sentralsjukehus

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet, Klinisk institutt 1/Klinisk institutt 2, er det ledig ei mellombels bistilling (20 %) som førsteamanuensis i medisin (til dømes innan kirurgi eller indremedisin) 4 år med høve til forlenging. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med førsteamanuensiskompetanse, kan ein tilsetje universitetslektor. Stillinga er knytt til hovudstilling ved Førde sentralsjukehus, med arbeidsstad ved dette sjukehuset.

Stillinga vil bli lagt til Klinisk institutt 1 eller Klinisk institutt 2 etter kva spesialitet den som vert tilsett har.

Den som vert tilsett vert Det medisinsk-odontologiske fakultet sin **faglege koordinator** for undervisning av medisinstudentar i Førde og vil få delansvar for utforming av undervisninga i samsvar med den til kvar tid gjeldande studieplan, og for undervisning av studentar. Den som vert tilsett har plikt til å ta del i undervisning og eksamensavvikling.

Stillingsinnhavar må og på førespurnad eventuelt delta i instituttet sine styringsorgan, utval og anna arbeid.

Det vil bli lagt vekt på erfaring innan undervisning. For førsteamanuensis er det krav om erfaring frå leiing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet, samt frå forskingsstrategisk arbeid. Det vil vidare bli lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett også verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetjing i vitenskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over mastergrads- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendier og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjinga går føre seg på grunnlag av vurdering av ei vitenskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande organ inkludert intervju og eventuell prøving av undervisningskompetanse.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: